

**Båtane kom til Trelastlageret**

28.01.2012



**Problemet med skutene Storm og Kvituren er løyst i alle fall midlertidig. Dei er lagt inntil det store huset til Trelastlageret innerst i Beinavikjo. Leiinga i firmaet synte stor velvilje i samband med båtane.**

Der ligg dei truleg svært trygt, i ly for vindkast frå fleire kantar.

Kor den permanente plasseringa blir er ein annan sak, men hamnevert Johan Sunde antyder at det kan bli ein eller annan løysing i tilknytning til moloen.

Det var leverandøren av bølgebrytaren i båthamna, Ørsta, som gjekk inn for snarleg flytting bort frå bølgedermparen for å unngå skadar på bryggje og båtar.

Foto: Ola Matti Mathisen